



Mottakarar i følgje liste

Vår ref.:

25/6507 - 25/50444 / EISH

Dykkar ref.:

Dato:

16.09.2025

Melding om tildeling og avtaleinngåing – Albertatunet K1 – Grunn, betong og råbygg

Vi takkar for dykkar tilbod i anskaffinga. Konkurransen er gjennomført som konkurranse med forhandling etter førehandskunngjering i tråd med FOA del I og del III.

Oppdragsgjevar mottok tilbod frå fyljande leverandørar:

- Consto Bergen AS
- Arbeidsfelleskapet HS/Allbygg DA
- K. Nordang AS
- Åsen og Øvrelid AS

Tildelingsbeslutning

Kinn kommune har til hensikt å inngå avtale med Åsen og Øvrelid AS for byggeprosjektet Albertatunet – Grunn, betong og råbygg (K1). Valet er gjort då tilbodet er vurdert å gi det beste forholdet mellom pris og kvalitet, jf. konkurransegrunnlaget punkt 8.1.

Evaluerings

Pris (80 %)

Lågaste pris fekk ein med Åsen og Øvrelid AS med ein tilbodspris på kr 123.981.371,-. Dette gav 10.00 poeng. Tilbodet frå K. Nordang AS var på kr 130.894.850,- og gav 9,44. Deretter følger Consto Bergen AS med ein pris på kr 132.731.567,- og 9,29 poeng. Tilbodet frå AF HS/Allbygg AS var på kr 141.750.063,- noko som gav 8,57 poeng.

Kvalitet (20 %)

Oppdragsgjevar har vurdert tilbode prosjektleiar og anleggsleiar ut frå **erfaring, formalkompetanse** og **samarbeidseigenskapar**, med ein tredjedel vektning kvar.

Vurderinga er gjort av eit team med byggfagleg, prosjektfagleg og innkjøpsfagleg kompetanse. Grunnlaget har vore CV-ar, referanseprosjekt, intervju og referansesjekkar.

Prosjektleiar

- **Consto Bergen AS:** Høgaste score. Svært god på erfaring og samarbeidseigenskapar, noko lågare på formalkompetanse.
- **K. Nordang AS:** Meget god på erfaring, svært god på samarbeidseigenskapar, best på formalkompetanse.
- **Åsen og Øvrelid AS:** God på erfaring, meget god på samarbeidseigenskapar, nest best på formalkompetanse.

Adresse	Telefon	Org. nr	E-post	Internett
Postboks 294, 6701 MÅLØY	57 75 60 00	820 956 532	post@kinn.kommune.no	www.kinn.kommune.no

- **AF HS/Allbygg DA:** Lågast vurdering på alle tre momenta.

Anleggsleiar

- **Consto Bergen AS:** Høgaste score. Svært god på erfaring og samarbeidseigenskapar, noko lågare på formalkompetanse.
- **K. Nordang AS:** Meget god på erfaring, svært god på samarbeidseigenskapar, noko lågare på formalkompetanse.
- **Åsen og Øvrelid AS:** Meget god på erfaring, god på samarbeidseigenskapar, lågast på formalkompetanse.
- **AF HS/Allbygg DA:** Best på formalkompetanse, men lågare på erfaring og samarbeidseigenskapar.

Poengsum kvalitet

- Consto Bergen AS: **10,00 poeng**
- K. Nordang AS: **9,23 poeng**
- Åsen og Øvrelid AS: **7,69 poeng**
- AF HS/Allbygg DA: **5,77 poeng**

Samla resultat

Dette gir følgande poengoppsett:

Konkurransedeltaker:		Consto Bergen AS	Vektet	AF HS/Allbygg DA	Vektet	K. Nordang AS	Vektet	Åsen & Øvrelid AS	Vektet
Tildelingskriterier	Vekt								
1. Tilbodssum	80 %	9,29	7,44	8,57	6,85	9,44	7,55	10,00	8,00
2. Kvalitet	20 %	10,00	2,00	5,77	1,15	9,23	1,85	7,69	1,54
SUM 1+2	100 %		9,44		8,01		9,40		9,54

Konklusjon:

Åsen og Øvrelid AS oppnådde høgast samla score og skal tildelast kontrakta.

Denne tildelingsmeldinga blir sendt samtidig til alle deltakarar i konkurransen.

Dersom det er spørsmål eller klager på vurderinga eller gjennomføringa av anskaffinga, rettes disse via KGV (EU-Supply), alternativt på e-post, dersom leverandør er representert ved utanforståande.

Kontrakt vil bli inngått snarast etter utløp av karenstid. Karenstid er sett til 26.09.2025 kl 23:59.

Oppdragsgjevar takkar for interessa de har vist ved å levere tilbod, og ser fram til tilbod frå dykk også i framtidige konkurransar.

Helsing

Einar Stavang Haugerud
Anskaffingsrådgjevar

Elin Sørbotten
Prosjektleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Mottakar

Consto Bergen As	Postboks 6154 Stakkevollan	9291	TROMSØ
Hs Bygg As	Perhusvegen 24	6783	STRYN
K Nordang As	Postboks 143	6201	STRANDA
Åsen & Øvrelid As	Fjærevegen 9	6800	FØRDE